

# **Forskrift for skulefritidsordninga (SFO) i Sula kommune**

Gjeldande frå .....

## **Heimel:**

Fastsett av kommunestyret i Sula kommune ..... 2025 med lovheimel i lov og grunnskule og den vidaregåande opplæring §4.5 Skulefritidsordninga.

## **§1. Formål og innhald**

Skulefritidsordninga skal legge til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. Skulefritidsordninga skal gi barna omsorg og tilsyn.

## **§2. Retningslinjer og eigarforhold**

Dei kommunale skulefritidsordningane i Sula skal drivast i samsvar med lover, forskrifter og nasjonal rammeplan. Sula kommune er eigar av dei kommunale skulefritidsordningane

## **§3. Opptaksmyndigkeit**

Opptak av barn til skulefritidsordninga blir gjort av verksemgsleiar på den enkelte skulen. Oppgåva kan delegerast til dagleg leiar for SFO.

## **§4. Opptakskriterier**

Skolefritidsordninga er open for alle elevar på 1. – 4. årstrinn. Det skal leggast til rette for barn med særskilde behov til og med 7. årstrinn. Dersom ein får utfordringar i høve kapasitet ved ei skulefritidsordning, vil opptaket bli gjort etter følgjande prioriteringar:

- A. Elevar med særskilde behov 1.-7.trinn. JF. opplæringslova §4-5
- B. Elevar på 1. trinn
- C. Elevar på 2.trinn
- D. Elevar på 3.trinn
- E. Elevar på 4.trinn

Dersom det ved ein skule blir mindre enn 5 barn kan SFO verte stengt på skulen barnet tilhøyrar. Det kan då opprettast eit felles tilbod på annan SFO/skule.

## **§5. Opptaksperiode**

Det blir brukt elektronisk påmelding i Sula kommune. SFO har eit hovudopptak med søkerstid 15.april. I løpet av året blir det gjort fortløpende opptak så sant det er ledig kapasitet. Skulen gir skriftleg melding om opptak til føresette. Når eit barn er tildelt plass i skulefritidsordninga, beheld barnet plassen til den blir sagt opp eller endra av føresette. Om plass ikkje vert sagt opp av føresette gjeld plasstilbod ut 4.trinn.

Elevar med særskilde behov må etter 4.trinn søkjast inn med grunngjeving.

SFO-året startar 1. august.

## **§6. Opningstid**

Elevar blir gitt tilbod om opphold før og etter ordinær skuletid i tidsrommet 07.15 - 16.15.

SFO held ope alle kvardagar bortsett frå laurdagar, jul- og nyttårsaftan, romjul, påskeveke, samt 5 studie- og planleggingsdagar. SFO er ope 11 månader og er feriestengt i juli.

Barn med plass i SFO skal levere oppholdsplan for kva dagar/tidspunkt barnet skal vere på SFO, ved oppstart. Endringar i oppholdsplan skal avtalast med SFO. Avtalt tid skal vere på vekebasis (lik tid for opphold kvar veke). Det kan i svært spesielle høve gjerast unntak frå krav om å avtale oppholdstid for barn med redusert plass på grunnlag av jobb eller helsesituasjon for føresette. Før ei tilpassing kan gjerast, skal behovet kartleggast.

## **§7. Opphaldskategoriar**

Fylgjande opphaldskategoriar gjeld for barn som har plass i SFO:

1. Inntil 12 timer (med skulefrie periodar). 2 dagar opphold i skulefrie periodar.
2. Inntil 15 timer (med skulefrie periodar). 3 dagar opphold i skulefrie periodar.
3. Full tid (med skulefrie periodar).
4. Korttidsopphold

Elevar med full plass med skulefrie periodar har rett på opphold i heile opningstida, og alle skulefrie dagar der SFO er open.

Fristar for påmelding om bruk i skulefrie periodar:

- 15.06 frist for påmelding for perioden frå 01.august til skulestart
- 15.09 frist for påmelding til haustferien
- 15.11 frist for påmelding skulefrie dagar før jul (ikkje romjul)
- 15.01 frist for påmelding til vinterferien
- 15.05 frist for påmelding til skulefrie dagar frå skuleslutt til 30.06

Når det er ledig kan elevar med redusert plass kjøpe ekstra dagar eller timer ved påmelding seinast 14 dagar før i SFO sine opningstider. Ønskja opphold pris for ekstra dag(ar) er i tråd med årleg vedteke betalingsregulativ.

## **§8. Foreldrebetaling**

Foreldrebetalinga blir fastsett av Sula kommunestyre 1 gong i året i forkant av budsjettbehandlinga. Foreldrebetalinga inkluderer ikkje matpengar.

Sula kommune har 25% søskensmoderasjon for barn nr.2 i SFO, og 50% søskensmoderasjon for barn nr. 3 i SFO. Vilkår for søskensmoderasjon er at same føresett står som betalingsmottakar for barn nr. 1, 2 og 3.

Betaling av opphaldsavgift skal skje med forfall den 20. kvar månad i 11 månader. Juli er betalingsfri månad. Betalingsregulativet skal følgje kalenderåret.

For elever som blir meld inn etter skulestart/ i løpet av driftsåret, blir det kravd foreldrebetaling for heil månad frå og med den månad barnet er innmeld i skolefritidsordninga.

Ved henting etter opphaldsplan, vil det bli fakturert for drop-in time. Ved henting etter stengetid kl. 16.15, vil det bli fakturert kr. 250 pr påbegynt time, til dekking av auka lønsutgifter.

Alle elevar på 1. til 3. trinn med plass på skolefritidsordninga, skal få 12 timer gratis skolefritidsordning per uke. Dette går fram av opplæringsforskrifta § 2-2.

Elevar på 5. til 7. trinn med særskilde behov skal få tilbod om gratis skolefritidsordning. Dette følgjer av opplæringsforskrifta § 2-3. Det skal søkjast på eit søknadsskjema som ligg på kommunen si heimeside. Det er krav til dokumentasjon av særskilte behov.

Etter opplæringsforskrifta § 2-4 skal kommunen redusere foreldrebetalinga for skolefritidsordninga på grunn av låg inntekt.

## **§9. Oppseiing av plass**

Delvis eller heil oppseiing av plass skal gjerast på kommunen sin elektroniske SFO – portal. I oppseiingstida som er ein månad, rekna frå 1. i kvar månad, må ein betale for den plassen ein har. Det skal betalast for heile oppseiingsmånaden. Plass kan ikkje seiast opp seinare enn 1. april med verknad frå 1. mai. Ved seinare oppseiing må foreldrebetaling halde fram ut juni månad.

Oppseiing eller endring av plasstype for barn med plass i SFO for neste skuleår (august) skal skje innan 1. juni same år. Ved seinare oppseiing må foreldrebetaling halde fram ut august månad.

Manglande foreldrebetaling gir grunn for oppseiing av plassen. Eventuelle restansar skal vere gjort opp før ein elev kan tildelast ny plass i skolefritidsordninga. Restansen fyl familien, ikkje berre det enkelte barnet. Ved endring av betalar i løpet av driftsåret, skal alle restansar frå den førre betalaren vere gjort opp.

## **§10. Styring og leiing**

Rektor har det overordna administrative og pedagogiske ansvaret for den lokale skulefritidsordninga. SFO-leiar har ansvar for den daglege drifta. Lokalt styringsorgan er skulen sitt samarbeidsutval (SU). Skulereglane gjeld så langt som mogleg også for skulefritidsordninga. SU kan vedta lokale ordensreglar for skulefritidsordninga.

## **§11. Foreldrekontakt**

Samarbeidsutvalet ved den einskilde skule skal minst ha ein foreldrekontakt som har barn i skulefritidsordninga ved starten av skuleåret.

Alle foreldre som har barn i SFO, skal kallast inn til minst eitt foreldremøte i året, og fortrinnsvis på hausten som del av foreldremøte, eller som eige møte.

## **§12. Bemanning**

Rektor sørger for at bemanninga til ei kvar tid er forsvarleg. Det skal normalt sett ikkje vere mindre enn to tilsette saman med barna i ordinær opningstid.

## **§13. Leike og oppholdsareal**

Areala skal både ute og inne vere godt eigna til formålet.

## **§14. Årsplan**

Ved kvar skule/SFO skal det utarbeidast skrifteleg årsplan for innhald og organisering av skulefritidsordninga i tråd med den nasjonale rammeplanen for skulefritidsordninga.

## **§15. Ansvar**

Skulefritidsordninga har ansvar for elevane i oppholdstida. SFO har dermed ikkje ansvar for elevane etter det tidspunktet dei har skriftleg avtale om å forlate ordninga. Dersom eleven forlét SFO-ordninga for å delta på anna aktivitet i ikkje-kommunal-regi, har SFO ikkje ansvar for eleven, sjølv om denne har plass på SFO i det aktuelle tidsrommet. Det er foreldra sitt ansvar å hente og bringe eleven til SFO.

Kommunen teiknar kollektiv ulykkesforsikring for kvart barn som har plass i dei kommunale skulefritidsordningane.

## **§16. Teieplikt**

Dei tilsette i SFO har teieplikt og opplysningsplikt etter reglane i forvaltningslova §13, same reglar som gjeld for tilsette i skulen.

## **§17. Politiattest**

For tilsette gjeld krav om politiattest etter reglane i Opplæringslova § 10-9.

## **§ 18. Endring av forskrift**

Endring av forskrift må godkjennast av kommunestyret.